

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
057/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
060/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023
019/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023
019/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023
037/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Per Kristian Skår	23/33

Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad

Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av bustad

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Ungdomsråd - 037/23

UR - behandling:

Ungdomsrådet handsama ikkje saka.

UR - vedtak:

Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka.

Formannskapet - 057/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad vert vedteke slik dei ligg føre.

Eldrerådet - 019/23

ELD - behandling:

Eldrerådet vil oppmode Osterøy Kommune til å få fortgang i prosjektet med psykiatribustadane på Reigstad for å unngå samansetning med eldre bebuarar.

Bjarte Aadland, KRF, hadde slikt felles endringsframlegg: Retningslinjene vert vedteke med slik

endring på side 4: under avsnittet: Prioritering mellom søkarar og sakshandsaming: Det skal bli teke omsyn til at i nokre buformer vert det stilt krav om ein viss samansetning av bebuarar, med særleg omsyn til eldre.

AVRØYSTING:

Felles endringsframlegg: samrøystes vedteke

ELD - vedtak:

Retningslinjene vert vedteke med slik endring under avsnittet: Prioritering mellom søkarar og sakshandsaming: Det skal bli teke omsyn til at i nokre buformer vert det stilt krav om ein viss samansetning av bebuarar, med særleg omsyn til eldre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 019/23

RFF - behandling:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil oppmode Osterøy Kommune til å få fortgang i prosjektet med psykiatribustadane på Reigstad for å unngå samansetning med eldre bebuarar.

Aksel Låstad, hadde slikt felles endringsframlegg: Retningslinjene vert vedteke med slik endring på side 4: under avsnittet: Prioritering mellom søkarar og sakshandsaming: Det skal bli teke omsyn til at i nokre buformer vert det stilt krav om ein viss samansetning av bebuarar, med særleg omsyn til eldre.

AVRØYSTING:

Felles endringsframlegg: samrøystes vedteke

RFF - vedtak:

Retningslinjene vert vedteke med slik endring på side 4: Prioritering mellom søkarar og sakshandsaming: Det skal bli teke omsyn til at i nokre buformer vert det stilt krav om ein viss samansetning av bebuarar, med særleg omsyn til eldre.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren vurderer at det er hensiktsmessig med lokale retningslinjer for tildeling av kommunal bustad fordi dette ikkje er tilstrekkeleg regulert i nasjonale føringar.

Bakgrunn

I samband med ny «*Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet*» arbeider administrasjonen med å systematisere og strukturere arbeidet med bustader for vanskelegstilte. Eit ledd i dette arbeidet er å forankre retningslinjer for tildeling av kommunale bustader.

Vurdering

Folkehelse

Ein trygg og stabil bustad er ein viktig faktor for god helse i alle aldersgrupper.

Miljø

Ikkje vurdert

Økonomi

Lokale retningslinjer medfører meir effektiv og likeverdig sakshandsaming.

Konklusjon

Retningslinjene vert vedtekne med verknad frå 1. juli 2023.